



Hanna Tvilde frå UIL vann 11-årsklassa sist søndag medan Ingebjørg Haugland fungerer som måldommar denne dagen (Foto: Ola Matti Mathisen)

På grunn av tilhøva i Tveitedalen vert det kombinerte kretsrennet og karusellrennet søndag avvikla i Fjellhaugen

melder skigruppa i UIL.

Dei står for arrangementet saman med Ternen IL og rennet går i klassisk stil.

Dette er karusellrenn nummer 3 denne vinteren og timeplanen er den vanlege: Barneskirenn klokka 12 og sjølve rennet ein time etterpå.

Det er grunn til å venta stor deltaking, for no er det mykje oppdemma skiinteresse!